

# KVA VEG GÅR

# SAMSKIPNADEN

etter eit foredrag BJØRN VIK heldt

i DNS januar 1975



utgjeve av

Norges kommunistiske studentforbund



## UTGANGSPUNKTET

Utgangspunktet for diskusjonen om Studentsamskipnaden må vera: Idag er studentane sin økonomi hardt pressa.

- Normene for lån og stipend har minke jamnt - med over 7 % dei siste tre åra.
- Stipenddelen går også nedover. Idag får me mindre i bordebuarstipend enn me betaler i moms på forbruket vårt. Og for dei som ikkje får bordebuarstipend står det endå verre til.
- Dette har ført til at sjeldsbøra aukar. Lån på 50-60000 ved avslutta studium er ikkje noko særst. Det er ikkje rart at mange studentar i denne situasjonen stussar med å ta fullt lån - og heller sparer på skillingen i studietida for å sleppa problem når lånet skal betalast attende.
- I tillegg til dette: Renta steig med 3/4% frå årsskiftet. Me merkar det ikkje idag, men det kjem til å koste oss tusenvis av kroner når me er ferdige.
- Me har ikkje ein gong garanti for rentefridom i studietida med meir enn eitt år om gongen. DVA-regjeringa ligg i startgropa for å innføre renter i studietida - lånekassa skal bli endå meir sjølfinsiert.

Og på toppen av dette helsar Studentsamskipnaden oss godt nytt år med kraftige prisauker på dei aller mest naudsynte forbruksvarene - mat og hus.

Resultata lar ikkje venta på seg. Dei kan lesast av på Samskipnadens omsetningstal - mange studentar har ikkje lenger råd til å nytta seg av Samskipnadens tenester. Dei kan lesast av på statistikken over deltidsstudentar - fleire og fleire vert tvunga av økonomiske årsaker til å ta seg jobb i studietida. Og først og fremst kan det lesast av i vår eiga lommebok, pengar som skulle rekka langt ut i mai, tek slutt i april.

Det er i denne situasjonen me skal ta standpunkt til dei nye bøkene Samskipnaden no legg på oss.

Me er ikkje i ein situasjon prega av velstand og framgang - der me har rikeleg med midlar til å syna "ansvar" i aust og vest. Økonomien vår er hardt pressa frå før - og dei nye bøkene gjer ikkje situasjonen lettare.

Difor er det ikkje vond vilje når studentane et mindre i Samskipnadens kantiner enn før. Det har heller ikkje med

nokon "spesiell politikk" som vert ført i Styret eller Studentting av den eine eller den andre studentgrupperinga.

Det er eit objektivt fenomen som følgjer av dei økonomiske lovene for kapitalismen. Me skal koma attende til det.

I Oslo og Trondheim har Studentsamskipnaden alt sett iverk dei kraftige prisaukane. I Bergen og Tromsø har styra derimot slått fast at det i den noverande økonomiske situasjonen til studentane ikkje er rom for prisauker. Men desse styrevedtaka har berre gjeve ei kortvarig utbetjing. Begge stader er vedtaka sjuka til demarbondet. Begge stader er det lian grunn til å tvila på utslaget: DNA-regjeringa vil heilt sikkert ta anken til følge. I så fall betyr det at også Bergens- og Tromsø-studentane lyt slåast mot pris- og husleigesauker av same størrelsesorden som er kjent omfært i Oslo/Trondheim.

Dette er ikkje nokon ny situasjon. Prisauker i Samskipnaden er eit årvisst attendevende fenomen. Dei siste åra har det stort sett vore slik at retningken i Samskipnaden langt har overgått det ein opplever elles i samfunnet - og som er ille nok!

Det er heller ikkje noko nytt at det oppstår harde diskusjonar og kraftig ideologisk og politisk kamp mellom studentane i slike situasjonar. Det er berre bra. Gjennom ein slik kamp kan studentane kvitta seg med borgarlege myter om Samskipnaden og sin eimen situasjon - og verta betre i stand til å slåast for sine eigne interesser.

Me skal ta opp og gå imot ein del borgarlege myter og feilaktige linjer for denne kampen. Då skal me først ta opp diskusjonen om kva samskipnaden er for noko. Deretter skal me gå gjennom DNA-regjeringa sin politikk for Studentsamskipnaden og på bakgrunn av dette slå fast kva retning utviklinga i Samskipnaden kan gå. Til slutt skal me gå gjennom ein del argument som er blitt reist mot å nytta husleigestreik som våpen. Særleg skal me då koma inn på tilhøvet til dei tilsette i Samskipnaden.

## Kva er Studentsamskipnaden ?

Sosialdemokratar og andre reaksjonære har alltid freista å gje oss studentar eit rosemåla bilete av Samskipnaden. Den er ein medlemsorganisasjon, studentane si fagforeining, ein "eigna velferdsorganisasjon" der studentane på ein utmerka måte kan få tilfredsstilt og oppfylt alle sine velferdsmessige behov. "Samskipnaden er eit privilegium". Me må med ein gong lura på korleis det kan vera noko privilegium å bu på hybelhus der leigene stig mot astronomiske høgder.

Me kommunistar har alltid sett opp mot dette ei marxistisk analyse av Samskipnaden. Ei analyse som tar utgangspunkt i verkeligheita - og ikkje i kva Samskipnaden og dens leiding og administrasjon seier om seg sjøl ved høgtidlege høve. Kva kan me så seia ut frå ei slik analyse:

### Ei kapitalistisk bedrift

For det første - og det er hovudsaka:

Samskipnaden er ein kapitalistisk bedrift. Den kjøper og utbyttrar arbeidskraft, sel varer og tenester og høstar profitt. Den er underlagt alle lovmessigheiter i den kapitalistiske økonomien. Nett som andre kapitalistiske bedrifter kjennar den to hovudsvar på økonomiske vanskar: Auka prisar på varer og tenester - eller rasjonalisering av arbeidsplassane, dårlegare løn, større arbeidspress. Det økonomiske livet i det kapitalistiske Norge slår inn i Samskipnaden med full styrke. Når inflasjonbløgja og innan- og utanlandske råvaremonopol skurr prisane i veret så rammar dette Samskipnaden - nett som heile kafeteriabransjen. Når DNA-regjeringa si usosiale bustadpolitikk gjev seg uttrykk i høgre rentenivå i Husbanken, så lyt Samskipnaden ut med millionsummar - nett som buretteløg og private bustadeigarar. Dette er hovudkjenneteiknet på Samskipnaden - ei kapitalistisk bedrift.

Mange kapitalistiske bedrifter har særdrag som skil dei frå andre. Samskipnaden har sine. Eitt av dei er:

Samskipnaden er ei statskontrollert bedrift.

Den er oppretta ved lov. Staten avgjer eigenrådlig reglement og styringsstruktur. Staten har sikra seg representasjon i styret - og viktigare enn det: Ankeretten sikrar staten det avgjerande ordet i alle viktige saker - ja, i alle saker staten måtte ønskja å ha det avgjerande ordet. Sosialdemokratar har

alltid fortalt oss at i Samskipnaden har vi studentar ein særskilt innflytelse, ein sjølvråderett over egne velferdstilhøve. Dette er tull. Sjølvråderetten er ikkje anna enn retten til å danse etter statens pipe, å villig gjere vedtak slik staten ønskjer vi skal gjera dei, i samsvar med statens politikk. Eller : Å gjera vedtak i strid med statens vilje - og prompte få eit statsdiktat tredd nedover hovudet, slik samskipnadene i Bergen og Tromsø opplevde det då dei vedtok budsjett i samsvar med studentane sine interesser. Staten dikterte prisauker og kom i tillegg med truslar om å stoppe den lille statsstøtta som dei tidlegare hadde fått! Dette er det sosialdemokratlar og andre reaksjonære kallar "studentinnflytelse".

## **STYRINGSFORMA — er studentane arbeidsgjevarar ?**

Eit anna særdrag er styringsforma. Studentane har fleirtal i styret. Dermed vert det eit spesielt motsetningstilhøve mellom studentar og tilsette, avdi studentane kjem i eit tilsynelatande arbeidsgjevartilhøve til dei tilsette. Slik styringsforma er, vert alle krav frå dei tilsette, om lærer og arbeidstid, om tilhøva på arbeidsplassen, om bemanning for å hjelpa hardt arbeidspress - alle slike rettferdige krav vert formelt retta mot styret der studentane sit med fleirtalet.

Det er grunn til å slå fast: Dette "arbeidsgjevartilhøvet" er berre tilsynelatande. Det er ikkje reelt. For studentane er nemlig ikkje i den situasjonen at dei kan håva inn profitt frå arbeidet åt dei tilsette i Samskipnaden. Ta berre som døme: Gjennom husleigene våre er me studentar med på å betala store summer i renter og avdrag på dyre husbanklån. Dette fører til at Samskipnaden etterkvart sit med eigedomsretten til hybelhusa - svære verdiar. Men får me studentar nokon del av dette? Har vi noko utbytte av det? Kan vi krevja tilbakebetalt noko "innskot" når vi flytter ut - slik det er vanleg i burettslag? Nei! Vi lyt pent flytta ut - utan å få med oss nåla i veggen. Dei fleste av oss må så igang med nye bustadlån - på vår eigen heim.

Vi har såvisst ikkje verken eigedomsrett eller disposisjonsrett til kapitalen som Samskipnaden akkumulerer. For Samskipnaden har i alle høve vore i stand til åakkumulere kapital - sjøl om det no vert vanskeligare og vanskeligare. Den har

akkumulert kapital - i form av fast eigedom, fonds, nye investeringar osv. At Samskipnaden idag ikkje akkumulerer i stort monn, gjer ikkje studentane til meir "arbeidsgjevarar" enn før.

Styringsforma høver som hand i hanske for staten til å unndra seg ansvaret for Samskipnaden. Når økonomien knakar i samanføyningane og tilføva for studentar og tilsette vert forverra, så kan Bjarumar & co lena seg attende i stolane og vera passive tilskodarar til bikkjeslagsmålet mellom studentar og tilsette.

Samskipnaden er statsfinansiert vert det hevda frå enkelte. (Mellom anna LO-leiinga gav uttrykk for ei slik villfaring då dei uttala seg om Ottosenkomiteen: "De velferdstiltak som iverksettes med hjemmel i "Lov om studentsamskipnader" og som i dag

i det alt vesentlige finansieres av det offentlige, kommer idag bare et mindretall av utdanningsøskende til gode.")

Også blant studentar er det mange som trur at statstilskotet til Samskipnaden no eigentleg er så stort at det er ei skam å krevja meir. Men dette er feil. Rett nok får Samskipnaden eit visst statsstilskot og visse beskjedne fordelar av staten. Men dei er både i omfang og betydning svært, svært beskjedne i høve til det andre, kapitalistiske bedrifter får, t.d. Norsk Hydro eller Statoil. I Samskipnaden i Bergen kjem 2-3% av Samskipnadens inntekter frå staten. (I oslo 1-2%). Resten av inntektene kjem i all hovudsak frå studentane sine slunkne lommebøker. Berre semesteravgifta åleine er omtrent dobbelt så stor som statstilskotet.

## OPPSUMMERING

Samskipnaden er ei kapitalistisk bedrift i eit kapitalistisk samfunn. Den er oppretta av staten og underlagt staten - politisk og økonomisk. Styringsforma - med studentane i Meirtal - er ikkje nokon "sjølråderett", men tvert om "valet" mellom å dansa etter staten si pipe eller bøya seg lydig for statsdiktat. Samskipnaden er ei lågtlønnsbedrift i ein lågprofittektor. Den blir mindre og mindre istand til å akkumulere kapital - men vert tvert om råka særskilt kraftig av den allmønne krise i den kapitalistiske økonomien.

Samskipnaden gjev oss liksom visse fordelar. Me får mat i nærleiken av lesesalane. Ein del av oss får hybler i relativt ordna forhold - i motsetning til det mange må ta til takke med

8

på det private markedet. Og først og fremst: Samskipnaden gjev oss vissemuligheiter til å innverke på prispolitikken på nokre av dei viktigaste forbruksvarene våre. Ikkje gjennom styret - der har staten full kontroll. Men gjennom at muligheitene for å føre kamp heilt opplagt er betre i Samskipnaden enn t.d. på det private hybelmarkedet. Desse fordelene er viktige. Men dei må ikkje få oss til å gløyma hovudkjenneteiknet på Samskipnaden - at den er ei kapitalistisk bedrift. Samskipnaden er ikkje nokon "eigna velferdsorganisasjon" - like lite som kapitalismen er eit velferdssamfunn.

## STATEN SIN POLITIKK

Så skal me gå inn på kva politikk staten har hatt og har for Studentsamskipnaden. Og staten er i dette tilfellet - meir enn nokosinne elles DNA-toppen. DNA har hatt regjeringsmakta i mest heile etterkrigstida. Dei gjekk i spissen for å få oppretta Samskipnader. Leiande sosialdemokratlar har leia den største samskipnaden i landet og hatt mykje å seia for korleis også dei andre har utvikla seg. Idag er det også DNA-regjeringa som strekar opp retninga for utdanningspolitikken - gjennom Stortingsmelding 17.

Kvifor oppretta DNA-regjeringa Samskipnaden? Var det eit "vel-dedigheitstiltak" - for å "sy puter under armene på studentane" - slik den reaksjonære pressa (Arbeiderbladet og VG) ofte vil ha det til?

Neppe. Studentsamskipnadene vart oppretta straks etter siste verdskrigen. Det var i ei tid då herskarklassen i alle kapitalistiske land satsa stort i utdanningsverket. Utdanna arbeidskraft var blitt ei viktig produktivkraft. Dette reiste behovet for å få mange unge inn i utdanningsverket. Også ungdom frå småborgarskapet og frå arbeidarklassen. Men dette ville ikkje lata seg gjennomføra dersom studietida skulle vera eit usselt liv med ein elendig økonomi. DNA-regjeringa gjennomførte difor ei rekkje stimulerande tiltak, som skulle gjera det neir attraktivt å havna på Universitetet. Samskipnaden var eitt av desse tiltaka, Lånekassa eitt anna.

Samskipnadene fekk gunstige vilkår. Dei fekk statstilskot og ekspanderte kraftig. Regjeringa la storeplanar for utbygging av hybelhus og kantiner.

Idag har kapitalen sine behov skifta. Og DNA-regjeringa - trufast mot den klassen dei sjøle tilhøyrrer - legg opp planane i samsvar med det.

Idag møter Bjartmar oss med St.mld. 17. Universitetet skal nedprioriterast - studenttilgangen skal pressast over på meir kortvarige utdanningstilbod - DH-systemet. Det som skjer med Samskipnaden må sjåast i samanheng med dette. Når det ikkje lenger er viktig å stimulere tilgangen til universitetet, men tvert om bremse den og stoppe den - då seier det seg sjøl at eit slikt tiltak som Studentsamskipnaden faktisk byrjar å stå i vegen for DNA-regjeringa sine planar.

Difor er statens politikk no: Å bygrja ned Samskipnaden. Og metoden dei nyttar er enkel: Dei skruar att dei små kranane for statsvilskot som finst og så let dei den økonomiske krisa gjera bøddelens jobb.

## **DEN ØKONOMISKE KRISA**

Korleis verkar den økonomiske krisa på Samskipnaden. Hovudproblemet i Samskipnaden er: Utgiftssida fyk i veret med rekordfart. Me har den allminnelege priscalloppen på <sup>særleg</sup>visse viktige råvarer til kantinedrifta. Oljemonopol har skrudd prisane på fyringsolje i veret, el-kraft-prisane gjorde som kjent eit kjempehopp frå årsskiftet. Kommunale avgifter kjem i tillegg. Alt dette aukar med rekordfart. Det er ikkje nokon spesiell "politikk" frå studentrepresentantane si side. Dette fører altså til ein kraftig auke i Samskipnadens driftsutgifter.

Reaksjonære demagoger prøver å fortelje oss at det lønsutgiftene til dei tilsette som stig raskast, og at det er her den grunnleggjande årsaka til problema ligg. Løysinga dei tilbyr oss, er den velkjende: Rasjonalisering, arbeidsfolka i Samskipnaden skal slite hardare, gjere meir arbeid for den same løna.

Er det rett at lønsutgiftene er hovudproblemet? Det kan sjå slik ut viss ein ~~tekst~~ ~~ett~~ ~~overflatic~~ blikk på eit ludsjett. Men sanninga er: Dei lønsaukene tilsette i Samskipnaden har fått dei siste åra er knapt nok til å kompensere for prisstigning prisstigninga. Det har krapt vore snakk om nokon reallønsauke for dei tilsette i Samskipnaden dei siste åra. I tillegg kjem at Samskipnaden er kraftig rasjonalisert, at bemanninga i viktige avdelingar ~~er skoren ned~~ til det absolutt minimale.

Arbeidspresset er stort og løna ussel. Samskipnadene er lågt-lønsbedrifter.

8

Viss studentane meiner alvor med parolen om einskap studentar - arbeidarar, må dei gå hardt mot alle reaksjonane framlegg om lønsnedslag, arbeidarfiendtlig rasjonalisering og tilsetjingsstopp. Arbeidsfolka i Samskipnaden har rett til å setja fram kraftige offensive krav - som studentane må stø dei fullt ut i !

Utgiftene stig altså. Men kva med inntektene? Dei kjem som sagt frå studentane sine lommebøker. Det seier seg sjøl at dei ikkje syner den same gallopperande tendensen. Tvert om: For kvar prosent prisane i Samskipnaden stig, syner det seg at fleire og fleire studentar ikkje har råd til å nytta seg av Samskipnaden sine tenester. Fleire går over til matpakke og termos, fleire går over til å lage mat heime, eller plystrer middagagen ein eller fleire dagar i veka. Når Samskipnaden prøver å ta inn att dei nuka utgiftene ved å leggja hardare bærer på studentane, så opplever ein berre at omsetninga går ned - at vinninga går opp i spinninga. Dette skjer også automatisk. Det er ikkje nokon spesiell "lire" frå studentrepresentantane. Kva betyr dette? Utgiftene stig. Dei to tradisjonelle kapitalistiske mekanismene - høgre prisar og hardare utsveitjing av dei tilsette - er alt utnytta til det maksimale. Det som kan hentast inn på slike tiltak er ytterst lite i høve til utgiftsaukene - sjøl om leiinga skulle gå inn for dei mest rabiate student- og arbeidarfiendtlige tiltak. Kva utvegjar finst?

## **Samskipnaden sin framtid**

Det finst tre moglege utvegjar:

- Den eine er at Samskipnaden lir ein hurtig død.
- Den andre er ein langsam død.
- Den tredje er at Samskipnaden overlever - held seg med hovudet over vatnet.

Det blir ein hurtig død viss Samskipnaden kjører følgjande politikk: Samskipnadens tenester til studentane skal haldast oppe på same nivået: Ingen nedlegging av avdelingar eller kantiner. Ingen innskrenkning i opningstider - inga nedskjering i servicetilbodet. Med ein slik politikk vil Samskipnaden gå på underskot, pengereservane vil verta oppbrukte og kassa snart gå tom: Samskipnaden er konk. I Bergen har dei funne ut at med ein slik politikk vil Samskipnaden gå konk ein gong i 1976. Samskipnaden kan teoretisk prøva å pressa mair pengar ut or studentane - og pressa dei tilsette til

hardare utsveitning. Pengane som kjem inn frå sjøl ein slik reaksjonær politikk, er minimale. Dei vil i beste fall utsetja det endelege samanbrotet med nokre månader. Og når så er tilfelle - kva er då vitsen med ein slik politikk.

Den andre utvegen er ein langsom død. Det betyr at Samskipnaden ved kvart budsjettoppgjjer "løyser" dei økonomiske vanskane ved å nedtrappe verksemda. Legg ned dei mest uprofitable kantinene. Nedskjer helsetenesta, og daginstitusjonane. Sel eit hybelhus eller to, osv. På den måten kan Samskipnaden sin undergang dragast i langdrag. Det kan faktisk gå mange år. Men ingen ved sine fulle fem kan påstå at dette er ein politikk som er i studentane sine interesser. Ingen kan heller påstå at arbeidsplassane vert tryggare ved at den eine etter den andre får sparken.

Det tredje alternativet er at Samskipnaden overlever. Ikkje som ei "sumn" og "frisk" og "eksponderande" kapitalistisk bedrift (det vil studentane si kjøpekraft neppe nokongang verta grunnlag for), men i alle fall held hovudet over vatnet. Dette føreset at Samskipnaden vert tilført midlar utanfrå - gjennom stats-tilskot. Dette er desto meir rimeleg fordi, som vi har vist, staten må ta hovudansvaret for alle vanskane vi har. DNA-regjeringa har herredømet over studentane sin økonomi, over pris- og avgiftspolitikken i samfunnet, over Husbanken osv.

## **ME MÅ REISA KAMP !**

Og skal me få statstilskot, er det naudsynt å reisa kamp! Den utviklinga Samskipnaden er inne i, skjer ikkje tilfeldig, men som ein klar og medveten politikk frå staten sin side. Det er DNA-regjeringa si målsetjing at Samskipnaden skal byggjast ned. Dei kjem ikkje til å bøya seg bort frå denne målsetjinga pga gode argument åleine. Dei veit kva dei gjer, og dei veit kva retning Samskipnaden går i. Berre eit kraftig politisk press kan tvinga fram resultat. Ein landsomfattande husleigestreik er ei viktig form for slikt press - der studentar over heile landet syner i handling at dei ikkje vil finna seg i

Bjartmar sin studentfiendtlige politikk.

Likefullt hevar det seg røyster mot ei slik aksjonsform. Det har blitt hevda mange argument mot husleigestreik. Eitt av dei er at studentane sin økonomiske kamp bør avgrensa seg til lån og stipend. Husleigekamp er av den grunn utillateleg.

Vi studentar må i vår økonomiske kamp slåst på to fronter. Eigentleg har vi ikkje noko valg - vår objektive situasjon tvingar oss til det. Vi må slåst mot staten som långjevar - fordi DNA-regjeringa si lånekassepolitikk skvisar oss meir og meir. Og vi må slåst mot staten som hushai, fordi den rekordstore husleigeauken i Samskipnaden forverrar ein situasjon som var dårleg nok frå før. Både kamp for auka lån og stipend og kamp mot prisstigning - i så måte er ikkje vår situasjon noko særleg ulik arbeidsfolk sin situasjon.

Det ville vekt lått og løye dersom nokon stilte opp på eit leigebuarmøte i eit burettslag og sa: Auka husleiger må vi nok berre finne oss i - vi må heller ta det att i lønsoppgjret. Ein variant av denne linja er: Vi kan godta husleigeauker, men ikkje meir enn det vi har fått i auke i lån og stipend.

Kva linje er dette. La oss halda fast: Vi har hatt tilbakegang i levestandard dei siste åra. Vi har ikkje fått kompensasjon for den prisstigning som har vore. Vi har heller ingen garantier for framgang i åra som kjem - i beste fall vert det stillstand. I denne situasjonen kjem så studentar og seier at det vi har fått for neste år - som er heilt utilstrekkeleg - straks skal etast opp av husleiger.

La oss igjen trekkja parallellen til arbeidsfolk kamp: Denne linja samsvarar heilt med om nokon skulle seia: Vi har hatt eit lønsoppgjer utan full kompensasjon, vår levestandard er i realiteten blitt forverra. La oss i denne situasjonar gå med på at det vesle vi har fått straks vert oppete av auka husleiger utan å reise kampen.

Slike idear finst nok, bevarer! Men vi hadde ikkje venta å høyra dei frå folk som elles er svært så "marxistiske" og som går inn for ein interessekamp med "sosialistisk perspektiv og innhald". Skal vi ikkje heller slå fast at for sosialistar og andre progressive er det ei oppgåve å slå attende slike kapitalasjonslinjer og unngå å havne på dem sjøl.

Tilføkkortet for dei som har agitert mot kamp - mot husleigestreik og andre aksjonar - har alltid vore: Tilhøvet til dei tilsette! "Me kan ikkje gå til kamp utan einskap med dei til-

sette, utan at dei stør oss." La oss sjå på dette standpunktet. Først må me slå fast: Det er viktig med einskap med dei tilsette. Dei tilsette er knytt endå nærare til Samskipnaden enn oss studentar. Vi ville nok få store problem om Samskipnaden måtte innstille. Men for dei tilsette ville det bety slutten på ein jobb mange av dei har innstilt seg på å behalde i lang tid, kanskje heile livet. Ein sikker arbeidsplass er føresetnaden for at dei tilsette kan slå seg ned, stifta bu og familie med tryggleik for økonomien, ta opp bustadlån, inngå avbetalingskontraktar og har relativt stor visse om å kunne forsyte familien på ein skikkelig måte i framtida. Ein utrygg arbeidsplass skaper materielle og økonomiske kår for arbeidsfolk. Ein går lettare med på låg løn, mykje overtid, rasjonalisering, tilsetjingsstogg osv - "for å berge bedrifta", "for bedrifta si skuld". Den utrygge arbeidssituasjonen er også ei kraftig psykisk belastning for den einskilde.

## **Arbeidsplassane i fare !**

Det andre me må slå fast er: Arbeidsplassane i Studentsamskipnaden er i fare. Dei utviklingsperspektiva søm er drege opp for Samskipnaden syner dette klart. Faren består ikkje berre i mindre rasjonaliseringstiltak og hardare arbeidspress. Det er fare for nedlegging av større avdelingar eller til og med heile bedrifta. Men som me har vist: Det er ikkje studentane som set Samskipnaden i fare. Årsakene er den medvitne politikken DNA-regjeringa fører og den allmenne økonomiske krisa. DKSF og AUF hylar i kor om at det er ml-arane som ved sin politikk vil setja arbeidsplassane i fare. Men dette er grov demagogi. Den politikken som ml-arane har gått inn for er nett den same som ml-arar og SV-arar i fellesskap har ført i Samskipnaden i Bergen i to år. Men ingen kan påvisa at denne politikken har gjort arbeidsplassane i Samskipnaden i Bergen meir utrygge enn dei var på førehand. Ingen hevdar det heller i Bergen, ikkje ein gong dei reaksjonære!

Difor må me slå fast: Det trengs einskap mellom studentar og tilsette, men er det av den grunn rett med einskap for einkvar pris? Nei! Det finst ein målestokk for einskap studentar - tilsette: styrkjer den den felles saka: Kampen for statstilskot? Eller svekkjer den denne kampen, og gjer det vanskelegare å vinna fram?

## TO LINJER

Det finst to hovudlinjer for einskap mellom studentar og tilsette:

1. Sams kamp mot DNA-regjeringa for at den skal ta det fulle og heile ansvaret for arbeidsplassane, for problem dei sjøle har skapt.
2. Einskap om "budsjettforlik" der studentar og tilsette tar "kvar sin del" av ansvaret og der krav til staten i beste fall vert verbale attpåsleng, i verste fall manglar i det heile!

Det er klart kva den siste linja kjem til å føra til. Den betyr at ved kvart budsjettoppgjjer skal studentar og tilsette tinga segimellom om kven som skal ta på seg dei største børenene. På studentsida betyr dette at prisane må stiga kraftig. Me har før dokumentert at studentane ikkje vil ha råd til desse prisane. Dei kjem til å forsvinna frå Samskipnadens kantiner og hybelhus, fleire og fleire etterkvart som prisane stig. Og dei som forsvinn først vil vera dei som er dårlegast stelte frå før: Studentar frå arbeidarklassen og utkantstroka. Det er ingen tvil om at denne utviklinga på studentsida også kjem til å undergrava arbeidsplassane.

Dette er ikkje tomme ord: Dette er røynslene frå alle prisstigningar i Oslo og Bergen dei siste åra. I Bergen steig prisane med 20% frå 1/1-1973. Omsetninga minka med 18%. Vinninga gjekk opp i spinninga.

Difor er det dobbelt ansvarsløst når styret i Samskipnaden i Oslo aukar kantineprisane med 12% og samstundes optimistisk kalkulerer med uendra omsetning. Dette er å hoppa bukk over alle erfaringer ein har med prisauker i Oslo. Det er å føra både studentar og tilsette bak lyset. Gevinsten ved desse prisaukene ser mykje større ut enn haneigentlig er. Dette er ikkje ansvar, men ansvarsløyse! Dette vil altså den andre linja bety for studentane. Dei vil berre ha ulemper - og store ulemper - på kort sikt. Og denne linja vil ikkje kunna berga Samskipnaden på kort sikt.

Kva så med dei tilsette? Vil dei har fordelar. Nei! For dei vil det stå slik: Ved kvart budsjettoppgjjer må dei vera villige til å ta på seg endå større bører. Denne gongen har dei godteke tilsetjingsstogg (m.a.). Kva så med budsjettet for 1976? Under-skotet vil i utgangspunktet bli minst like stort. Kva då? Tilsetjingsstogg er eit eingongstiltak. Då må det bli snakk om nedskjeringar. Kven er det då som skal få sparken? Skal ein ra-

sjonalisera endå meir i kantinen? Kanskje leggja med ein dag-institusjon? Eller diskutera lønsslogg? Og så kjem neste budsjettoppgjjer igjen. Kva då?

Er dette å måla fanden på veggen? Nei, dette er den diskusjonen både studentar og tilsette vil stå oppe i om eit år.

I Bergen har studentar og tilsette gått saman om at statstilskot er heilt naudsynt og at korkje studentar eller tilsette vil godta linja med "årlege budsjettforlik som grunnlag for Samskipnadens økonomi". Kravet er reist overfor staten - kampen er starta!

Dei motsetningane me ahr sett slå ut fleire gonger, både i Oslo og Bergen, er ikkje først og fremst motsetningar mellom studentar og tilsette. Det er først og fremst motsetningar mellom to ulike linjer - enten kamp for statstilskudd eller årlege budsjettforlik. Det finst studentar som står på den linja dei tilsette i Oslo står på. Og det finst tilsette, særleg i Samskipnaden i Bergen, som står på den linja studentane i Bergen har stått på og som studentane i Oslo er i ferd med å koma over på. Det er ikkje mellom studentar og tilsette som grupper at desse motsetningane går.

Linja med kamp mot staten er den einaste farbare. Studentane og dei tilsette må seia tvert nei, nekta å godta forverring, nekta å godta at arbeidstilhøva skal forverrast gjennom rasjonalisering og tilsettjingslogg. Vi må byggja opp eit politisk press som tvingar DNA-regjeringa til åta ansvaret - ho gjer det ikkje frivillig!

Dei tilsette i Oslo bør gå over på denne linja, nett som kollegaane deira i Bergen har gjort. Dei bør gjera det ikkje først og fremst ut frå soliditet med studentane, men først og fremst ut frå egne interesser. Dei innsjå at linja med årlege budsjettforlik trugar arbeidsplassane deira både på kort og på lang sikt, og bu seg på kamp.

Og skal dette skje, må i alle høve studentane stå fast på kamp-linja. Vi har ingen fordelar, men berre ulemper av å la vera å gå til husleigestreik. Ein husleigestreik vil idag ikkje bli noko isølert fenomen på ein studentby, men ein del av ein landsomfattende aksjon. Både i Bergen og Tromsø har studentane også gått til husleigestreik etter å ha fått eit statsdiktat tredd ned over hovudet.

Det finst ingen annan veg å gå - korkje for å hindra forverring av vår eigen økonomiske situasjon eller for å forsvare velferdstilbodet og arbeidsplassane i Samskipnaden. Me har aldri oppnådd noko utan gjennom kamp.

**TABELL 1**

Utviklinga av kostnadsnormen (ramma for lån+stipend)

studieår	kostnadsnorm nominelt	kostnadsnorm i 1968-kroner	prosentvis endring i realverdi
1971/72	1000 kr	795 kr	+ 3,9 %
1972/73	1060 "	785 "	- 1,3 %
1973/74	1125 "	775 "	- 1,3 %
1974/75	1210 "	740 "	- 4,5 %

**TABELL 2**Utviklinga av statstilskot sett i samband med  
det studentane betalar i semesteravgift i Oslo

år	statstilskot til sosiale og kulturelle tiltak	semester- avgift innbetalt	tilskott pr student	tilskott pr student i 1968-kroner
1971	1 391 859 kr	792 000 kr	70,30 kr	58,10 kr
1972	1 529 250 "	820 000 "	74,60 "	57,50 "
1973	1 566 700 "	1 640 000 "	76,05 "	54,20 "
1974	1 655 000 "	2 470 000 "	78,80 "	51,00 "

**TABELL 3**

Utviklinga av totalomsetninga i Samskipnaden i Oslo

år	total om- setning (mill. kr)	antall ansatte
1968	64,4	557
1969	82,2	605
1970	100,0	759
1971	115,0	858
1972	131,0	812
1973	143,0	851

## TABELL 4

Utviklinga av omsetninga på spisestedene i Oslo

<u>år</u>	<u>omsetning</u> (mill. kr)	<u>omsetning i</u> <u>1968-kroner</u>
1972	12,77	10,55 mill. kr
1973	13,19	10,18 " "
1974	13,11	9,39 " "

## TABELL 5

Forholdet mellom prisauker og omsetningssvikt. På den eine sida av skråstreken prisauken i prosent, på den andre endring i volumomsetning i prosent (til dømes antall middagar)

<u>år</u>	<u>middag</u>	<u>kaldmat</u>	<u>øl</u>	<u>kaffe</u>
1971	15/-3	7/1	10/-11	4/-2
1972	11/-4	3/-4	8/-21	12/-7
1973	10/-12	20/-22	4/-17	19/-6
1974	7/-7	5/-6	22/-32	0/3
70-74	51/-25	40/-29	52/-61	39/-12

Døme: I 1971 steig prisen på middagar 15%, antall solgte middagar gjekk ned med 3%.

-----

## spørsmål til diskusjon

1) Studer dei økonomiske angrepa på studentane. Er det rett, som det vert sagt, at studentane må betala ein stendig større del av utdanninga si sjølv?

2) Einskilde reaksjonære seier: "Vi må vera solidariske med Samskipnaden. Vi må kjøpa varer der sjølv om prisane er høgere i Samskipnaden enn andre stader." Diskuter studentane sitt "arbeidsgjevaransvar", sett i lys av det som er sagt i innlei-nga og utviklinga av studentane si kjøpekraft.

Kva må innskap med dei tilsette vera tufta på?

3) Samskipnaden er ei kapitalistisk bedrift og eit reid-  
skap i statens utdanningspolitikk. I innleiinga vert det  
sagt at nedbyggjinga av Samskipnaden er ein klår, med-  
veten politikk frå DNA-regjeringa si side. Diskuter dette  
ut frå vanskane med å gjennomføra langvarig utdanning  
(studiefinans, lukking, gjeldsbør) og staten sine ynskjer  
om å få fleire inn i kortvarig utdanning (St.meld. 17,  
pedagogiske høgskular og distriktshøgskular).

4) Innleiinga peikar på tre moglege utveggar for Samskip-  
naden. Kva skjer på din stad?

5) Dei to linjene. Korleis kjem den feilaktige linja  
til uttrykk på din stad? Kva seier dei reaksjonære, kva  
seier opportunistane?

6) Diskuter til slutt perspektiva på husleigestreiken  
og kampen for statstilskot. Kva er vår styrke og vår  
svakhet, kva er staten sin styrke og svakhet? Kva kan  
vi vinna?



## HEFTET TAR OPP:

- STUDENTANE SIN ØKONOMI
- SAMSKIPNADEN - EI KAPITALISTISK BEDRIFT
- STATEN SIN POLITIKK
- SAMSKIPNADEN SI FRAMTID
- TILHØVET TIL DEI TILSETTE

**PRIS kr 2,-**